Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3.

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Skjold

Emne: Brynet

Bygdelag: Ersland

Oppskr. av: Enok Østre

Gard: Østre

(adresse): Skjold i Rogfylke

G.nr. 49 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1 Det vanlige ord for bryne her i bygda er kvasstein (Ein kvassteidn) t.d. kvedja ljåen. Hein var ein finare sort stein som vart brukt etter at ljåen var „kvatt" med den meir grove stein. Trehein vart og brukt og den var laga av ask.

2 Både av kunst og natursstein. Det fins ikkje naturlig brynestein i bygda. Det vart sakt den kom frå Telemark.

3 Alle reidskaper vart først slipt på slipestein og etterpå kvesst med bryne. Ingen vert kvesst med berre bryne.

4 Mine foreldre fortalte at ljåerne, då dei vart uttkjørde, vart sende til smeden som tynsla dei ut. Nokon forskjel på slipeljåar og tynsleljåar veit eg ikkje.

5 Veit ikkje om det fanst nokon (ikke sund) stein som vart brukt til å kvessa reidskaper på. Der det var store gardsbruk og steinute slattemark, tok ofte slattekarane med seg ein liten slipestein, men som oftest stod den heime ved huset. No er det mest ingen her som slår med ståttljå.

6 Er det myrar ein slår på slepp ein slipa so ofte, men er det sand og steinjord lyt ein slipa ofte

186

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

186

Me brukar berre bryne av stein.

8 Folk i almindelig löyser ljåen av orvet når de sliper den, og holder eggen mot sig.

9 Når stutt ljåen skal brynes holdes orvet millom fôterne ovanfor kneet, brynet i högre hand og ljåen i venstre. Langorvet settes med spissen ned i marka og bryne og ljå på same måte som med stuttljåen.

10 Halken som brynet vert bore i heite (kotehalk) og er laget av tre.

11. Nei

12 Kotehalken henger bak litt til högre sida.

13 Alle bryner fuktes med vatn, eller spytt.

14. Nei.

15 Nei.

16 Nei.

17 Nei

18

19. Tvi.

20. Nei

Å slå med stuttljå på udyrka steinut mark eller myrar er det helst slutt med no, gardane er for det meste oppdyrka, og der dei ikkje er det, let dei ~~kuil~~ kuskapen gå om sumaren og eta, eller er det laga til (kultur-beite.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY
186

2